

**Stor interesse for shanty-kveld**

13.07.2009

**Det er stor interesse for shanty-kvelden i Dønhaugkjedlaren fredag, før annonsering, presseskriv og plakatar er sett opp. Allereie er godt halvparten av billettane reservert, opplysar Magne Huglen. Difor bør ein vera raskt ute for å sikra seg dei siste 30.**

Dette er ein "intimkonsert" med Storm Weather Shanty Choir.

Koret, som vart starta i 2002, har gjeve ut fire cd-ar, den aller siste kom no i vår med tittelen: Way Hey (and away we'll go). Denne vartl ansert under årets Bergen-fest og vart svært godt motteken av både publikum og musikk-kritikarar med bl.a. terningkast 5 i BT og Bergensavisen.

I samband med denne lanseringa har koret lagt opp til ei rekkje med konsertar, der Periferifestivalen på Sotra i slutten av aug. kanskje blir høgdepunktet. Der er dei booka i lag med kjende artistar som Bigbang, Odd Nordstoga med fleire.

Konserten på Dønhaug vil vera akustisk, og sjølv om Dønhaugkjedlaren ligg vel 40 m.o.h vil gjestene få oppleve ein "ramsalt" kveld med desse seks karane frå Stord, lovar Huglen. For meir info om koret, sjå [www.shantychoir.com](http://www.shantychoir.com) .

Av Ola Matti Mathisen